



Vestland
fylkeskommune



Referat Kompetanseforum Hardanger Voss 14.03.2024, Granvin

Tilstades: Per Odd Grevsnes, Vestland fylkeskommune
Timo Knoch, Eidfjord kommune, rådsordførar Hardanger
Ann Kristin Mæland Vedå, NAV Hardanger Voss
Jan Tjosås, Kvam herad
Mona Hellesnes, Ulvik herad - leiar Team Hardanger
Lisbeth B. Celik, Eidfjord kommune
Randi Rykkje, Ullensvang kommune
Arild Matland, Kvam vgs
Arild Een, Voss gymnas
Terje Rognsvåg, Opplæringskontoret i Hardanger
Tone Søgaard, Handlag Opplæring
Hilde Midttømme Kettermann, Opplæringskontor for Indre Hordaland
Sveinung Føllesdal, Næringshagen i Ullensvang
Sofie Torlei Olsene, Hardanger og Voss Næringshage
Hans Jørgen Andersen, Kvam Næringsråd
Nikolai Park Foss, Vestland fylkeskommune
Torild Natvik, Vestland fylkeskommune - digitalt
Trude L. Rinaldo, Hardangerrådet

Presentasjon av digitalt kunnskapsgrunnlag

v/ Nikolai Park Voss, analyserådgjevar for næring, plan og innovasjon VLK.
Vedlegg: Presentasjonen

Presentasjon av "Høyningsforslaget til heilskapleg tilbodsstruktur i VLK"

v/ Torild Natvik, seniorrådgjevar kompetanse og opplæring VLK/ digitalt
Vedlegg: Presentasjonen
Høyningsforslaget vert sendt på høyring med frist 20.05.2024.
Vestland fylkeskommune ber Hardanger Voss senda inn høyningsinnspel

Per Gunnar : Kompetanseforuma skal vera ein viktig høyringsspart. De skal verta høyrd og vektlagd, men det må vera konsensus (ikkje politisk).

Frå dialogen i kompetanseforum Hardanger Voss:

1. Mister me utdanningstilbud i regionen?
2. Me oppfordrar til at det også må vera breidde i tilbuddet ute i regionen også. Det kan like godt vera ungdom frå Bergen som må flytte på hybel som omvendt.
3. Ber om spissa tilbakemelding på utdanningstilbud i Hardanger Voss
Viktig at ein her er edrueleg og konstruktiv i dialogen, og viktig å prioritera.
4. I år er det rekordmange på vg1 tømmrar, og historisk søknad til vg2 - derfor tragisk at denne linja no vert lagt ned på Odda
5. Nettskulen oppretta av fylke er kjempeviktig for oss i distriktet. Mange elevar treng den, spesielt dei med store fysiske avstandar.



Hardangerrådet



Vestland
fylkeskommune

VOS⁺
bygd av Vossingar



6. Elevane i distriktet er akkurat like "breie" som i byane - derfor må me koma til at heile klassar ikkje er løysinga. Me treng eit breitt tilbud også i distriktet. Det må koma ei ordning der elevane tar fellesfag saman, og opplæring i bedrift/spesial linjer kvar for seg. Me må vekk frå heile klassar, finna andre modellar.
7. Viktig at vgs i distriktet også kan tilby fellesfag. Nettskule er bra, men kan vera vel krevjande for ein ung elev.
8. Me må innsjå at me er så små at me ikkje kan ha alt.
9. Me ser ein tendens hjå fylkeskommunen, at dei vil bygga nytt i Bergen, men kan ikkje elevar reise den andre vegen også?
10. Modulstrukturert opplæring har no to fag godkjent i Vestland, kokk og helse/opplæring, men totalt er det 13 programfelt som kan brukast. Dette er for vaksne, men ein kan også ta vgs ut i bedriftene, og kanskje overføra tanken/strukturen.
11. Veldig viktig for dei som er i lære gjennom vgs, og som skal ta fellesfag: Dei, fellesfaga, MÅ gjennomførast på ein dag i veka (ikkje fordelt utover i veka). Dette er ein stor utfordring for skulane, men i Odda vart det innført for 10 år sidan, og slik er det.
12. Det er dei marginale studia ein vel å ta bort. Snudd på hovudet er det kanskje dei som treng det mest, som mister sitt tilbud. Då går ein mot seg sjølv om at fleire skal fullføra.
13. No kan ein ta 3-årig helsefag med studiekompetanse. Men det er også viktig å halda på helsefagarbeidarar. Omsorg og pleie er det skrikande behov for. Desse må ikkje miste tilbud om å kunne ta fagbrev.
14. Viktig at nettskulen kan levera fagkursa også, ikke berre fellesfaga som no. Kanskje der ein treng det mest. Skal vera unødvendig å reisa til Bergen for 2 timer IKT, når ein kunne deleke digitalt.
15. Kvifor skal ikkje fylkeskommunen betala for faga til elevar som dei i utgangspunktet "slepp ansvaret for". Ein elev, tilsett 4 år i lære, vert trekt i tilskot når eleven vert sendt på matteundervisning. Det burde ikkje vera slik.
16. Fellesfaga skulle skulen ideelt sett fått til på ein dag, men det er ganske utfordrande i eit totalt bilde.
17. Føreseieligheit er viktig - kjenner ein behovet når planane vert laga, så er det lettare å få til.
18. Ikkje i tvil om at ein ute i distriktet må ha stor grad av smidighet både på opplæring og i bedrifter.
19. Dette handlar også om kroner og ører, der ein kan ha større grad av føreseieilegheit.
20. Me må ha eit lengre perspektiv på dette enn vår og haust semester. Ein treng langsigktige modellar som viser at ein som distrikts vgs får fleire bein å stå på.
21. Det er komplekst. Me bør ha/laga ei målsetting om kva me ønskjer av utdannings-tilbod i kommunen/regionen vår.
22. Viktig at vgs vert stimulert til å vera kreative.
23. Skulane skulle svært gjerne hatt fleksibilitet i sine budsjett og hatt ein pott til fleksible løysingar.
24. Manglande føreseieilegheit: nokon gongar står ein brått uten både lærepass og skuleplass.



Vestland
fylkeskommune



25. Når du legg ned linjer, så mister du kompetanse. Spørsmål til skulen: Kor lang tid treng ein for å oppretta eit nyt tilbud? Svar: kan fort ta 2 år.
26. Det er mange som også kjøper undervisning andre stader enn hjå vgs. Det er mykje betre, ofte rimelegare og meir effektivt levert.
27. Viktig tilbakemelding er at skulen må vil bli meir fleksibel. Men også viktig at ein opprettheld kvalitet i skulen.
28. Kvam er av dei 10% beste kommunane i landet på å ta inn lærlingar. Arbeidsgjever har same utfordring som skulen har, når dei tek imot lærlingar. Dei er også avhengige av å ha nok instruktørar som vil gjere denne jobben.
29. Ønskjer at fylkeskommunen er meir på tilbudssida og ikkje trekker i tilskot.
30. Å legga ned mangfaldet, som KDA/musikk vil til slutt endra kven som tek høgare utdanning og kven som flyttar heim.
31. Treng “pengar til å knuse siloar!” Me må arbeide for inkludering
32. Frist for innspel om vgs neste skuleår er 20. mai.

Ser me nokon nye trendar i regionen vår?

- a. INDØK i Sogn og Fjordane
- b. God utvikling på Hjeltnes fagskule
- c. Mangel på rekneskapsarb./økonomar.
- d. Det er også stort behov for lærarar og skulane manglar mykje kompetanse.
- e. Å få kvalifisert arbeidskraft til vgs i distriktet er vanskeleg

Dato for innspelsmøte i Hardanger Voss (frist for innspel er 20 mai 2024)

Send inn høyringssvar.

Kjem også til å koma uttale frå kommunane og Hardangerrådet. Bør samsvare.

Granvin 14.03.24

Trude Rinaldo,
Hardangerrådet iks